

# Årsrapport for LSU Volda sjukehusområde 2022

## Møter

Det er gjennomført totalt 5 møter i LSU Volda i 2022. Dei fire ordinære møta har vore fysiske, inkludert digital overføring for nokre deltakarar ved behov. Eit internt innspelsmøte vedrørende handlingsplanar i Helsefellesskapet var digitalt. I tillegg har også medlemne i LSU Volda vore invitert til 3 ulike innspelsmøte vedrørende handlingsplanar i Helsefellesskap i lag med dei andre lokale samarbeidsutvala i fylket.

## Deltakarar

Volda sjukehus/HMR har 5 faste representantar i tillegg til praksiskonsulent. Sjustjernekommunane er fortrinnsvis representert med kommunalsjefar for helse og omsorg. I tillegg deltek brukarrepresentant frå kommune og brukarrepresentant frå HMR fast. Sekretariatfunksjonen vart i 2022 ivareteke ved to representantar (samhandlingskoordinator frå kommunane og rådgivar frå HMR). Sekretariatet har i samarbeid med leiar og nestleiar i utvalet vore ansvarleg for gjennomføringa av møta.

Representantar LSU Volda ved slutten av år 2022:

Organisasjon	Navn	Stilling/Funksjon
Vanylven kommune	Cecilie L. Oppedal	Kommuneoverlege
Sande Kommune	Bård Dalen	Kommunalsjef
Ørsta kommune	Renathe Rossi-Kaldhol	Kommunalsjef Leiar LSU Volda
Hareid kommune	Ottar Røyset	Kommunalsjef
Ulstein kommune	Marit Botnen	Kommunalsjef
Volda kommune	Svein Berg-Rusten	Kommunalsjef
Herøy kommune	Runa Bakke	Kommunalsjef
HMR	Mona Ryste	Rådgjevar Klinikk Volda sjukehus Nestleiar LSU Volda
HMR	Hallgrim Myklebust	Seksjonsleiar DPS
HMR	Palma Hånes	Klinikksjef Klinikk Volda sjukehus
HMR	Anita Nybø	Seksjonsleiar, Klinikk for kreft og rehab.
HMR	Kari Standal	Seksjonsleiar, Klinikk for psykisk helse og rus
Praksiskonsulentordninga	Håvard Ramsli	Praksiskonsulent HMR, fastlege Herøy
Brukarrepr. HMR	Janne Remøy Endresen	Brukerrepresentant HMR
Brukarrepr. Kommune	Eilin Reinaas	Kommunal Brukarrepresentant
Samhandlingskoordinator kommunar Søre Sunnmøre	Oddvar Marøy	Sekretariat i LSU Volda
Helse Møre og Romsdal	Sissel Ørstavik Aase	Sekretariat i LSU Volda

Frå kommunane si side har det vore viktig å sikre gjennomgåande representasjon av repr. som også deltek i nettverket i Sjustjerna. Det har fleire utskiftingar av representantar i utvalet gjennom året, særleg på kommunesida.

## Saker som har vore handsama gjennom året :

- Gjensidig informasjon mellom HMR og kommunane om utviklingsarbeid og særskilde utfordringar
- Utarbeidt ein strategi for LSU Volda der ein har valt fire satsingsområde for 22/23:
  - Vellukka kultur for samhandling

- Rekruttering og felles kompetansebygging
- Tydleggjering av utfordringsbilete og skape forbetring
- Vere proaktiv i Helsefellesskapet
- Forbetringsarbeid, inkludert samhandlingsavvik og prosjekt RÅBRA
- Felles kompetanseplan og fagdagar
- Helsefellesskap Møre og Romsdal – samarbeidsstruktur, endring mandat, komm.strategi
- Innspel til 7 ulike handlingsplanar frå faglige samarbeidsutval i helsefellesskap i Møre og Romsdal:
  - Rehabilitering
  - Helseberedskap
  - Vakserehabilitering
  - Helsefremmande og førebyggjande helsearbeid
  - Behandlersamarbeid
  - Svangerskap, fødsels- og barselomsorg
  - IKT-løsningar og elektronisk samarbeid
- Implementering av handlingsplanar td. oppfølging av handlingsplan for psykisk helse og rus og handlingsplan eldre multisjuka og palliasjon
- Ynskje om desentralisert sjukepleie/vernepleieutdanning i Volda
- Kommunale akutte døgnplassar (KAD)
- Retningsline følgjerson i sjukehus i M&R
- Retningsline for pasientar med LTMV (Langtids mekanisk ventilasjon)
- Innspel til Nasjonal helse- og samhandlingsplan (NHSP)
- Prosjekt digital heimeoppfølging (DHO) m/legevaktssamarbeid
- Barn og unges helseteneste
- Barneblikk
- Samval

### Vurdering av kva ein har oppnådd / forbetringspotensiale

Møta i LSU Volda har i stor grad hatt fokus på orienteringar av fagleg arbeid i HMR, kommune eller i samarbeid mellom desse. Formålet har m.a vore å skape konsensus om prioriteringar og satsingar det vert jobba med i ulike nettverk. LSU Volda har hatt 45 saker på saklista gjennom året.

Det har vore positivt med fysiske møte med tanke på dialog og samhandling, der ein har fått innsiktsfull informasjon/omvising ved henholdsvis Ulstein og Ørsta kommune og Volda sjukehus.

Oversikt representantar i møta 2022:

Område	4/3	10/6	15/6 dig.	2/9	2/12
HMR	3	3	1	5	5
Kommunar	4	4	2	4	5
Brukarrepresentantar	2	1	1	2	2
Praksiskonsulent	1	1	1	1	1

### Vidare satsing 2023

Prioritere vedtekne satsingsområder som Volda sjukehus og kommunane vert utfordra på for å sikre gode overgangar mellom tenestenivåa, støtte opp under positive forbetringstiltak og identifisere og forplikte partnarane på oppfølging av vedtekne handlingsplanar.

Volda 06.01.2023

Renathe Rossi-Kaldhol	Mona Ryste	Oddvar Marøy Sissel Ørstavik Aase
Leiar 2022	Nestleiar 2022/23	Sekretariat